

MG Mestergruppen Arkitekter

Postboks 4104

8089 Bodø

MERKNAD TIL NABOVARSEL AV 18. 12. 2022 GJELDANDE «NYTT BYGG – OVER 70 M2....»

Viser til motteke nabovarsel gjeldande nytt bygg på gnr 157 bnr 60 i Buholmen/Bergsvik i Austrheim kommune.

I reguleringsplanen for Buholmen er det regulert inn 1 naust på bnr 60. Slik eg forstår nabovarslet vert det no søkt om 3 naust i rekke, altså 2 naust meir enn det reguleringsplanen opnar for. Eg vil minna om at det tidlegare har blitt gitt dispensasjon for flytebrygge på bnr 60 med 6 båtplassar for 5 hytter i Bergsvikmarka. Om eg har forstått det rett, er den 6. båtplassen for eigar av bnr 60. Flytebrygga var ikkje med i reguleringsplanen, men vi naboar meinte det var greitt all den tid dåverande eigar av bnr 60 berre hadde bedt om 1 naust på sin tomt. Minner og om at dei 5 hytteeigarane i Bergsvikmarka berre har gårett i fellesvegen. Dei har ikkje rett til å parkera på parkeringsplassen P1, berre rett til på- og avstiging.

Når det no vert søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen for oppføring av 2 ekstra naust, så vil eg minna om at i det første utkastet vi hadde inne til vurdering hjå kommunen, så bad vi om 35 naust (inkl. 7 naust som var bygde før reguleringsplanen), 5 hus/hytter og 2 rorbuer. På formannskapet si synfaring i august 2005 fekk vi tilbakemelding frå kommune om at rorbuer var heilt uaktuelt. 5 hus/hytter kunne det opnast for, men at talet på naust måtte reduserast til det nivået formannskapet gav signal om på synfaringa. 35 naust var ein altfor høg utnyttingsgrad. Vi reduserte då talet på naust frå 35 til 23. I 2013 vart reguleringsplanen vedteken med 23 naust og 5 hus/hytter.

Eg ber om at kommunen tar med i si vurdering korleis dei som ikkje fekk alle sine naustplanar innvilga i 2013 kjem til å oppfatta det, dersom det no vert opna for fleire naust enn det som ligg i den vedtekne reguleringsplanen. Eg meiner det vert feil å innvilga søknaden nettopp av den grunn at fleire grunneigarar har måtta redusera sine naustplanar etter klare signal frå formannskapet i 2005.

Naustområdet N3 er eit lite sjøområde, som i reguleringsplanen har 7 naust/brukarar. I og med flytebrygga for dei 5 hyttene i Bergsvikmarka, så har N3 no 12 brukarar. No vert det søkt om 2 nye naust/brukarar, altså vert det ei dobling frå reguleringsplanen. Eg ber kommunen ta dette med i vurderinga og. Eg meiner det blir ein altfor høg utnyttingsgrad av N3.

I nabovarslet står det under Tiltaksformål: «Annet». Det hadde vore greitt å få vita kva formålet med dei to ekstra nausta er?

Austrheim 28.12.2022

Ivar Bergsvik

Eigar av bnr 79 og grunneigarane sin representant i planprosessen.

Kopi: Austrheim kommune

